



Notat

Dato: 15.12.2014
Arkivsak: 2014/24011-6
Saksbehandlar: oysskar

| | |
|-------------|-------------------|
| Til: | Ole Vegard Skauge |
| Frå: | Øystein Skår |

Innspill automatisk freda kulturminne. Bybanen til Fyllingsdalen - Oppstart av reguleringsplan - Bergen kommune

Delstrekning 1

Innafor planområdet til delstrekning 1 er det fleire stader kjende kulturminne med regional og nasjonal verdi.

Delar av traseen ved Nonneseter ligg innfor freda mellomalderbygrunn.

Årstad

På Årstad har kongsgarden Alrekstad lege. Det er sannsynleg at tunet på den gamle kongsgarden låg på same terrasse som Alrekstad gard er lokalisert i dag. Alrekstad er nemnd i kongesagaene til Snorre og var kongsgard fram til makta vart flytt til Holmen på 1100- og 1200-talet. Sjølve garden er truleg mykje eldre og strekk seg med stor sannsynligheit tilbake til folkevandingstid. Årstadgeilen er eit av Bergen sitt eldste kjende vegfar og gjekk frå tunet på Alrekstad og ned mot Fløenbakken. Langs Årstadgeilen er det kjend fleire automatisk freda kulturminne, deriblant ei fjerna langhaug frå jernalder. Vegfarene langs Fløenbakken var tidleg ei hovudveg mellom byen og Fana. Vegen var også ein del av postvegen til Stavanger. Det ligg også ei kjend gravhaug frå jernalder i hagen til eit av husa i Fløenbakken.

Ved Statsarkivet er det påvist massiv busetjing i form av langhus frå jernalder og dokumenterte jordbruksspor tilbake til omlag 1670 f.Kr, som tilsvarar eldre bronsealder. Nokre hundre meter mot sør, ved Haraldsplass sykehus, er det påvist bygningskonstruksjonar frå førromersk jernalder.

Som nemnd i kap. 5.1 og 5.3 i planprogrammet skal det utarbeidast konsekvensutreiing for å sikre at omsynet til mellom anna kulturminne vert ivaretatt. Her er det viktig å vurdere både kjende kulturminne og potensialet for funn av ukjende automatisk freda kulturminne.

